

Fra: "Linda Neset" <linda.neset@modalen.kommune.no>
Sendt: torsdag 5. desember 2024 11.19.12
Til: "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>
Kopi: "Stian Holte" <stho@nve.no>; "Jo Bjarne Nordanger Tømmerbakke" <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>
Emne: Sluttkommentarar frå Modalen kommune, saksnummer NVE 202301154, utbygging av nye Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune

Modalen kommune legg fram sluttkommentarar til svar og tilbakemeldingar som har kome fram gjennom høringa der Statnett søker om å bygge ny Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune

Vi registrerer at Statnett ikkje er imøtekomande på nokon av dei punkta som kommunen har spelt inn som særst viktige når det gjeld å ivareta våre samfunnsinteresser, og legge til rette for ei vidare heilskapleg utvikling i kraftnettet. Men og når det gjeld å ta omsyn til allereie eksisterande infrastruktur i det omsøkte området.

Oppsummert våre hovudpunkt:

- I sin søknad om å få bygge ut Krossdalen transformatorstasjon legg ikkje Statnett til rette for lokal tilkopling som kan gje auka forsyningstryggleik, ny næring og frigjere potensialet for produksjon av fornybar energi i kommunen.
- Statnett ønsker ikkje å nytte seg av eksisterande område og knutepunkt for kraftproduksjon på Steinsland og grunnjev dette med at lokasjonen er utsett for ras og flaum.
- Vi registrerer at Statnett søker om å få byggje eit servicebygg på Steinsland, og grunnjev dette behovet for eit nybygg her, med faren for ras og flaum.
- Lokasjonen på Steinsland hadde vore naturleg å byggje vidare på med tanke på eksisterande infrastruktur i dette området. Dersom anlegget hadde vorte plassert på Steinsland ville dette i mindre grad vore i konflikt med kommunen sine interesser.
- Å nytte allereie nedbygd areal til nytt formål er og i tråd med naturavtalen.
- Det omsøkte området på Krossen/Nygard ligg tett opp til kommunen sitt hyttefelt her, og vil påverke moglegheiter og den framtidige bruken av det tilhøyrande og opparbeida turområdet.
- Krossen/Nygard er det mest nytta turområdet i kommunen både av innbyggjarane men og av regionen. Kommunen si dagsturhytte er plassert her.

Modalen kommune har gjennom fleire kraftutbyggingar stilt store areal til disposisjon for fellesskapet gjennom dei vasskraftutbyggingar som er gjort i kommunen med tilhøyrande nettanlegg, vegar og anlegg. Men kommunen har i dag ikkje eit regionalnett som tek i vare moglegheita for utvikling. Når det no vert bygd ny transformatorstasjon på Krossen/Nygard for å imøtekomme krava til forsyning og leveringssikkerheit for regionen vil det vere urimeleg å ikkje inkludere Modalen kommunen i denne oppgraderinga.

Med venleg helsing

Linda Neset
Ordfører



Modalen kommune | PB 44, 5729 MODALEN | Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 02 | Mob: 91 17 15 74

Dette er ikkje ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Fra: Stian Holte <stho@nve.no>

Sendt: torsdag 28. november 2024 13:09

Til: Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>; Linda Neset <linda.neset@modalen.kommune.no>; Vegar Steinsland <v.steinsland@me.com>


Emne: SV: Tillegg til høringsuttalelse frå Modalen kommune, saksnummer NVE 202301154, utbygging av nye Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune

Hei

Vi har nå mottatt Statnetts kommentarer til tilleggsuttalelsen fra Modalen kommune.

Vi har publisert kommentaren på sakens nettside, og dere finner uttalelsen nederst på siden.

[Konsesjonssak - NVE](#)



Med vennlig hilsen
Stian Holte

Seniorrådgiver
Energi- og konsesjonsavdelingen
Seksjon for nettkonsesjoner
Telefon: (+47) 22 95 92 16



Norges vassdrags-
og energidirektorat

Det gjøres oppmerksom på at all e-post til og fra NVE i utgangspunktet vil være journalpliktig etter arkivloven, og også vil være et offentlig saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter offentleglovas regler.

Fra: Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>

Sendt: tirsdag 5. november 2024 09:16

Til: NVE Høringsuttalelser <uttalelse@nve.no>

Kopi: Stian Holte <stho@nve.no>

Emne: Tillegg til høringsuttale frå Modalen kommune, saksnummer NVE 202301154, utbygging av nye Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune

Hei,

Sender som avtalt med sakshandsamar Stian Holte tillegg til tidlegare innsendt høringsuttale frå Modalen kommune.

Med venleg helsing

Jo Tømmerbakke
Rådmann



Modalen kommune | PB 44, 5729 MODALEN | Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 03 | Mob: 47 46 26 10

Dette er ikkje ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.